

9: Status for prosjektet vår 2012.

Partnerskuleordninga trer i kraft.

Som ledd i ny partnerskulemodell blei det lagt særleg vekt på at UiB og partnerskulane ved koordinator, skulle ha eit tett samarbeid. Koordinator på skulane er ein nøkkelperson for å få til eit godt samarbeid mellom UiB og praksisfeltet: Utvalet ynskte difor at koordinatorene sjølve skulle kunne bidra til å påverke si eiga rolle. Eit møte vart difor halde i starten av semesteret der UiB og koordinatorane vart einige om ein arbeidsbeskrivelse for koordinatorane. .

UiB nyttar seg også av andre praksisskuluar enn dei som inngår i partnerskapet og det er viktig å ha god kontakt også med desse skulane. Koordinatorane på desse skulene blei derfor invitert til UiB i starten av semesteret. Også i dette møtet var dialog om felles mål: ein god praksis for våre lærerstudentar, sentralt.

Det vart også i år arrangert miniveilederkurs for lærarar som skulle ha studentar i praksis. Kurset vart halde veka før praksis. Kurset hadde godt oppmøte med deltakarar som var nye som rettleiarar samt andre med meir erfaring frå rettleiing. Dette førte til fruktbare diskusjonar. I tillegg til at deltakarane fekk ei innføring i rettleiing og praktisk informasjon om praksis vart det sett av tid til erfarringsutveksling og diskusjon.

I april arrangerte praksisutvalet eit samarbeidsseminar på Solstrand for partnerskulane sine koordinatorar.

I slutten av september vart det arrangert eit halvdags diskusjonsmøte for koordinatorane på våre partnerskuluar. Målet for møtet var å drøfte gode og därlege erfaringar frå vårsemesteret slik at desse kunne takast med vidare i planlegginga av haustsemesteret.

Hausten 2012 blei studentane inviterte til å evaluere praksis gjennom surveyxact. Svarprosenten var høg. Studentane måtte svare på om dei hadde hatt praksis ved ein partnerskule eller ikkje i starten av undersøkinga. Dette gjer at ein kan skilje mellom partnarskuluar og andre skular i dei andre variablane. Resultata frå undersøkinga skal leggjast fram på lærarutdanningskonferansen i slutten av februar 2013.

Møteaktivitet i praksisutvalet 2012

Første møte i utvalet var 5. januar. På agendaen stod oppfølging av partnerskuleseminaret på Voss i desember 2011. Dette var eit seminar der skulane kunne komme med innspel på kva forventningar dei hadde til det komande partnerskulesamarbeidet. På Voss vart det skrive referat fra dei ulike workshopane slik at praksisutvalet hadde skriftlege forventningar og forbettingsforslag som ein kunne arbeide ut i frå. Oppfølging av seminaret på Voss var eit tilbakevendande tema for møta i praksisutvalet våren 2012. Dei tre viktigaste momenta som kom opp på Voss var informasjonsflyt mellom studentane sine praksisperiodar, rekkefølgje på praksis og korleis ein betre kunne organisere praksis for IL for å unngå kollisjonar mellom undervisninga på UIB og praksis i skulen.

Den venta rammeplanen har påverka arbeidet i praksisutvalet våren 2012. Eksempelvis har ein del saker ikkje blitt behandla i påvente av ny nasjonal rammeplan. Rammeplanutvalet har kome med

signal om kva endringar som kjem på praksisfronten i ny rammeplan, og desse signala vart ytterlegere forsterka med utkasta som vart produserte til ein felles konferanse i Oslo i februar 2012.

Andre saker i 2012 inkluderer:

- Skriftleggjering av koordinator sine oppgaver
- Rutinar for behandling av søknader om ny praksis
- Retningsliner for korleis ein skal handtere klager på rettleiarar og påhøyrarar frå UiB
- Praksisbesøk
- Felles oppsummering av praksis (sak fra det sentrale programstyret)
- UiB sitt tilbod til partnerskular – kva kan dei ulike fakulteta tilby skulane?

I september kom eit nytt programstyre for lektorutdanning på plass. Programstyret bestemte at ordninga med eit eige praksisutval skulle fortsette. Fakulteta ønskte i stor grad at dei same medlemmane skulle fortsetje og dette sikrar kontinuitet i arbeidet rundt praksis i lærarutdanninga ved UiB.